



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
28.05.2015
Dykkar dato
12.02.2015

Vår referanse
2014/4401 561
Dykkar referanse
14/672

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsuttale til konsesjonssøknad og KU for Blådalen Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad og Etne

Fylkesmannen slutter seg til overordna mål om å auke utnyttinga av eksisterande utbyggingar i Blådalsvassdraget. Område har regional og lokal verdi for friluftsliv og opplevingsverdi. Utforming av vilkår for utbygginga må legge vekt på landskaps- og opplevingsverdiane.

Vi viser til konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing for bygging av Blådalen Fjellhaugen kraftverk. Fylkesmannen har fått orienteringar frå SKL om planane under planlegginga, mellom anna i meldingsfasen. Utbyggingsplanane er noko endra i prosessen fram til konsesjonssøknad.

Prosjektet fekk i 2014 unntak frå handsaming i Samla plan, i tråd med Fylkesmannen si tilråding. I meldingsfasen pekte vi mellom anna på at det er trong for eit samla oversyn over eksisterande og nye inngrep som grunnlag for å vurdere samla belastning.

Kort om prosjektet

SKL søker om å byggje ny Blåfalli Fjellhaugen kraftverk med hovudinntak i Midtbotnvatn og avlaup i Fjellhaugvatn. I dagens reguleringsregime vert vatnet tappa frå Midtbotnvatn via Blådalsvatn. Bygging av nytt kraftverk vil samla sett gi omlag 70 GWh ny energi, og gi meir vinterproduksjon enn dagens reguleringar.

Utbygginga omfattar inntak av bekkevatn frå Krokavatn, Kvanngørhorga, Verahaugen og Sandvatna ved å byggje ny overføringstunnelar, i alt 13 km. Det er planlagt minstevassføring i bekkene som vert teke inn i prosjektet, tilsvarande 5-persentil sommar og vinter. Overskotsmassar frå tunneldrifta er regna til om lag 960 000 m³ og er planlagt plassert i massedeponi ved Staffivatn og Gaddaneskleivo. Store delar av vassdraget er tilgjengeleg med veg frå tidlegare kraftutbygging, men det må byggjast 75 m ny veg og riggområde fram til tverrslag ved Verahaugen.

Utbygginga føre til tap av inngrepsfri naturområde i sone 2 (1-3 km frå inngrep) på om lag 2,5 km². Dette er knytt til inntaket ved Krokavatn, og opp mot tidlegare fråfalt INON-areal som er tilknytta overføring av Eikemovassdraga.

Konsekvensanalysen i søknaden viser *liten – middels* konsekvensgrad for landskap og friluftsliv, *liten negativ* for naturtyper og vegetasjon, *ubetydeleg – liten* negativ for fugl og pattedyr.

I kap. 16.2 i søknaden har søkjar omtala sumverknader, der ein har diskutert eksisterande og nye inngrep i Blådalen i lys av innfallsporter og nærområda til vassdraget, som Omvikedalen, Matrefjorden og Åkrafjorden. Det er utarbeidd ein omfattande tabell med oversyn over ulike type anlegg i Blådalen, som magasiner, overføringar, kraftverk, vegar, tippar, kraftlinar, biotopiltak, hengebruer og sikringsbuar (vedlegg A). Inngrepa er vist på kart (vedlegg B06). Tabell P viser framtidige utbyggingsplanar for vassdraget slik det går fram av SKL sin Generalplan for Blådalsvassdraget. Dette vil omfatte moglege nye bekkeinntak, heving av dam Midtbotnvatn, utbetring av vegar og kraftstasjonar mm.

Søkjar viser til at tidlegare utbyggingar i sum omfattar betydelege inngrep i Blådalen. Etter deira oppfatning vil ny utbygging likevel ikkje vere dramatisk. Dei uttaler at *«tiltaket i sum bare vil medføre mindre lokale konsekvenser og ikke negativt forringe status for nærområdene eller skalere uønskede sumvirkninger»*. Søkjar meiner at Blådalsvassdraget kan vidareutviklast for vasskraftformål og samstundes framstå attraktivt for tur- og friluftsliv.

Fylkesmannens merknader

Fylkesmannen slutter seg til overordna mål om å auke utnyttinga av eksisterande utbyggingar i Blådalsvassdraget. Bygging av Blådalen Fjellhaugen kraftverk vil auke omfanget av regulert kraft og gi auka vinterproduksjon.

Naturtilhøve, landskap og friluftsliv

Tidlegare utbygginga har gjort at Blådalen i dag fungerer som ein mykje nytta innfallsport til turområda, både i randsona til Folgefonna nasjonalpark og områda innafor verneområdet. Området har lokal og regional verdi i denne samanheng. Dette må leggjast til grunn for utforming av vilkår knytt ved utbygginga, både i anleggs- og driftsfase. Fylkesmannen meiner NVE må vurdere prosjektet for å unngå skjemmande eller unødvendige landskapsinngrep, jf. naturmangfaldlova § 12.

Etter vår vurdering er etablering av deponiområde ved Gaddaneskleivo særleg uheldig. Deponiet på 44 dekar vil fylle ut eit lite våtmarksområde som ligg i ei senking i terrenget. Inngrepet vil føre til utarming av gode landskapskvalitetar. Fylkesmannen vil be NVE vurdere alternativ til etablering av deponiområde i Gaddaneskleivo.

Andre negative verknader for landskapet er knytt til redusert vassføring i bekkane som inngår i prosjektet. Fylkesmannen ber NVE vurdere nivået på minstevassføring.

Det skal byggjast 300 kV kraftline frå kraftverkt fram til koplingsanlegget ved Blåfalli III. Etter hovudalternativet skal kabelen gravast ned, men det er og lagt fram alternativ løysing med luftline 750-800 m. SKL søker primært om kabling. Fylkesmannen støtter dette. Vi ber

om at vert sett villkår om kabling for å hindre fare for kollisjon med fugl og for å minke omfanget av synlege inngrep i dalføret.

Sumverknader

Det er til no ikkje utvikla gode verktøy for å vurdere samla belastning etter naturmangfaldlova § 10. Ansvaret for metodeutvikling ligg til aktuelle departement og direktorat. I denne situasjonen vil Fylkesmannen berømme SKL for deira arbeid med å samanstille eksisterande, omsøkte og mogleg framtidige utbyggingar i Blådalen. Informasjonen som er lagt fram er langt meir omfattande og detaljert enn vi tidlegare har sett i nokon kraftverksøknad.

Data av denne type er nødvendig grunnlag for å vurdere samla belastning på naturmangfald og friluftsliv. Kartet syner geografisk plassering av dei ulike inngrepa, og gir samla sett eit inntrykk av omfanget av inngrep i planområdet. Saman med dei ulike delrapportane i konsekvensanalysen kan ein få eit bilde av langsiktige og aggregerte verknader av dei mange utbyggingane i området. Dette materialet vil kunne nyttast i ein vidare analyse av sumverknad på ulike sektorar.

Vassdragsinngrep sett heile Folgefonnhalvøya under eitt, er svært omfattande. SKL har avgrensa sine vurderingar til landskapsrommet og influensområdet i Blådalen. Dei viser til at omsøkte, truleg og framtidige utbyggingar er relativt små samanlikna med inngrep utført ved tidlegare utbyggingar. Dei meiner at området tolerer meir utbygging utan at dette vil gå dramatisk ut over natur og miljø.

Økosystema i Blådalsområdet er generelt sett av artsfattig og karrig karakter, utan høgt prioriterte arter eller naturtyper. Dei typiske og mest karaktergivande naturområda i dalføret er truleg fortsatt å finne i regionen. I dette området er difor omsynet til biologisk mangfald truleg ikkje det mest sentrale temaet i ei samla-belastningsanalyse.

Tidlegare utbygging i Blådalen har opna området og gjort det tilgjengeleg for omfattande bruk i samband med friluftsliv og utfart. Område vil truleg fortsatt kunne ha slik funksjon, også om det blir opna for meir utbygging. Fylkesmannen vil likevel vise til at alle nye vegar, fyllingar, kraftliner og overføringar steg for steg bidrar med å utarme landskaps- og opplevingsverdiane i dette høgt skatta området på Folgefonnahalvøya.

Undersøkingar og forskning innan friluftsliv viser at mange ulike faktorar påverkar folk sine val av område for friluftsutøving. Avhengig av kva målgruppe ein reknar med, vil tilgjenge, bruksverdi, grad av tilrettelegging, tradisjonar, symbolverdi og opplevingskvalitetar spele inn. Det er ikkje alltid kollelasjon mellom talet på friluftsutøvarar og området sin kvalitet når det gjeld bruk eller opplevingsverdi. Vurdert ut frå situasjonen i Blådalen er det difor viktig å ikkje redusere kvaliteten på dei naturområda som fortsatt er relativt intakte, har gode landskapskvalitetar og opplevingsverdi og som er attraktive og tilgjengeleg for friluftsliv.

Konklusjon

Fylkesmannen slutter seg til overordna mål om å auke utnyttinga av eksisterande utbyggingar i Blådalsvassdraget. Vi viser til at Blådalen har ein viktig funksjon som innfallsport til fjellområda i søre del av Folgefonnhalvøya, og må reknast å ha regional og lokal verdi for friluftsliv og opplevingsverdi. Vi ber NVE vurdere utbygginga kritisk for å sikre at landskaps- og opplevingsverdiane i området vert vektlagt i samband med utbygginga.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Etne kommune	Postboks 54	5591	ETNE
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Sunnhordland Kraftlag	Postboks 24	5401	STORD